


# LOM UNGDOMSSKOLE



2011 - 2012



# Velkommen til eit nytt skuleår!

Det er alltid med ei viss spenning ein møter til nytt skuleår. For dykk på 8. steget er dette overgangen til ein ny skule, og for 10. steget er dette siste året i den obligatoriske skulen.

Dette heftet er eit informasjonshefte om Lom ungdomsskule, både for foreldre/føresette og elevar. Vi vonar at både føresette og elevar les gjennom guiden. Her får de mykje nyttig informasjon om skulen.

Skuleåret 2011/2012 er det 27 elevar på 8. steget, 24 elevar på 9. steget og 34 elevar på 10. steget – til saman 85 elevar.

22. juli 2011 er ein dag vi korkje kan eller vil gløyme. I lang tid hadde Anders Behring Breivik planlagt å knuse det politiske Noreg. Først sprengde han regjeringskvartalet. Medan all merksemd var retta mot denne skrekkelege handlinga, drog han til AUF sin sommarleir på Utøya. Her gjennomførte han del to av sin grufulle plan. Han ville utrydde Arbeidarpartiet sine framtidige politiske leiarar. Innan han overgav seg til politiet, hadde han avretta 68 ungdommar, mange av dei var under 20 år. Noreg har ikkje opplevd slik vondskap i fredstid. Derfor er det viktig at vi aldri gløymer det som hende 22. juli 2011.

Ungdomsskulen har planta ei blodbjørk som skal vere eit minnesmerke over denne ugjerninga. Bjørka med sine blodraude blad symboliserer udåden på Utøya, men treet sin kvite stamme vil vere eit uttrykk for at vi har ei von om at vi kan få eit betre samfunn med likeverd, mangfald og toleranse.

**Tore Mundal**  
Telefon: 61211091, mob 96237685  
E-post: lom.ungdomsskule@lom.kommune.no

**Rektor Tore Mundal  
ved blodbjørka som  
er planta til minne om  
22.juli 2011.**



# Historia om Lom ungdomsskule

Fyrste byggjesteget var i 1963 – 1964, og det var Lom og Skjåk realskule som tok i bruk bygget.

Lom ungdomsskule starta opp hausten 1965 med to klasser. Dette året hadde skulen klasserom i ”gamle” Loar-bygget.


Skuleåret 1965 – 1966 var skuleinspektør Nils Dale styrar for skulen, det var ikkje tilsett rektor.

Hausten 2005 starta renovering og påbygging av ungdomsskulen. Hausten 2006 kunne elevar, lærarar og andre tilsette flytte inn i nyoppussa skule med ”nye” klasserom og kontor, nytt datarom og musikkrom, auditorium og kantine. Musikkskulen har lokale i kjellaren på skulen.

## Liste over rektorane ved Lom ungdomsskule.

Jon P. Kolden	hausten 1966 – våren 1977
Helge L. Haugeng	hausten 1977 – våren 1981
Bård Hanem	hausten 1981 – våren 1985
Tore Teigen	hausten 1985 – våren 1986
Bård Hanem	hausten 1986 – jul 1988
Tore Teigen	nyttår 1989 – våren 1990
Bård Hanem	hausten 1990 – våren 1991
Sidsel Børresen	hausten 1991 – våren 1992
Erling Gjøl	hausten 1992 – våren 1994
Hans Langøygard	hausten 1994 – våren 2003
Hans Sæther	hausten 2003 – jul 2003
Kari Opsahl	nyttår 2004 – våren 2004
Tore Mundal	hausten 2004

Alt i alt har det gått ut 1770 elevar frå obligatorisk skule. I perioden 1970 – 1977 gjekk det 184 elevar ut av ei klasse som ikkje var obligatorisk. Det var valfri skulegang. Av desse var det også elevar frå Skjåk.



# KLASSELISTER

<b>8A</b>	<b>8B</b>	<b>9. klasse</b>
<b>Fredrik Apalset</b>	<b>Simen Aukrust</b>	<b>Sindre Aaboen</b>
<b>Livø Blakar</b>	<b>Åsmund Fossen</b>	<b>Mustafa Al Kallab</b>
<b>Synne Bolstad</b>	<b>Anna Hammerdalen</b>	<b>Erik Aurmo</b>
<b>Åsta Borgen</b>	<b>Vilde Helstad</b>	<b>Live Marie Eriksen</b>
<b>Anette Ekle</b>	<b>Hans Hesthagen</b>	<b>Astrid Garmo</b>
<b>Gaute Horten</b>	<b>Tor André Holø</b>	<b>Rolf-Ola Karlsrud</b>
<b>Parisia Jamali</b>	<b>Ola Eisten Mork</b>	<b>Kristoffer Kroken</b>
<b>Kristian Mælan</b>	<b>Eirunn Oppheim</b>	<b>Per Arne Krøkje</b>
<b>Malin Birkeland Rindhølen</b>	<b>Anders Sandvoll</b>	<b>Marit Kveom</b>
<b>Zahra Samandari</b>	<b>Line Stee</b>	<b>Iselin Kvåle</b>
<b>Ragnhild Skarset</b>	<b>Lars Storkjørren</b>	<b>Silje Kvålshagen</b>
<b>Martin Zahl Slettom</b>	<b>Ida Sæter</b>	<b>Tea Bø Langøygard</b>
<b>Ola Stubrud Teigen</b>	<b>Kristoffer Teigen</b>	
<b>Paul Wagner</b>		



# KLASSELISTER

9. klasse	10A	10B
Marit Lund	Brage Lund Aakre	Vemund Olav Aukrust
Åse Marie Mundal	Maryam Al Kallab	Tor Arne Berget
Ragnhild Kvåle Olstad	Annbjørg Barlund	Ole-Kristoffer Bolstad
Reza Gholam Ramezani	Solveig Brenden	Marte Brukveen
Kristin Risheim	Magnus Bø	Eldri Haugen Foss
Marit Sandviken	Kjersti Mork Fagernes	Vegard Frisvold
Ingrid Vikan Sjurgard	Iver Åge Frøise	Hege Haugen
Torunn Trønnes	Anne Mari Graffer	Odd Amund Haugom
Anna Elisabeth S. Volden	Anita Jamali	Sondre Aas Haugtredet
Kolbjørn Vole	Pascal Krüger	Håkon Husom Kjørren
Ingrid Glimsdal Øverli	Laila-Mari Krøkje	Kjell Rusten
Lisell Øyjordet	Stine Lund	Rita Marlèn Sivle
	Beate Sandviken	Ola Synstnes
	Sjur Slettom	Mari Tykket
	Erik Steinsgard	Anne Vestad
	Marianne Teigen	Pia-Karoline Angell Øfeldt
	Atle Skjedsvoll Vangen	
	Tosten Welve	



# TILSETTE VED LOM UNGDOMSSKULE



Tore Mundal  
Rektor  
Tlf 96237685



Anita Sandviken  
Rådgjevar/inspektør  
Tlf. 94881814



Ulla Nilsen  
Lærer  
Tlf. 94873904



Sigrun Kveen  
Lærer  
Tlf. 94780808



Aud Sørhage  
Kontaktlærer 9. kl  
Tlf. 94871291



Tove E. Dybvad  
Kontaktlærer 8A  
Tlf. 94842044



Karen Melhus Dahl  
Kontaktlærer 10A  
Tlf. 94871169



Olav G. Øyen  
Kontaktlærer 8B  
Tlf. 94856725



Gudrun Gaukstad  
Lærer  
Tlf. 94882662



Sissel Høyberg  
Lærer  
Tlf. 94878627



Gunn Karin Teigum  
Kontaktlærer 9. kl  
Tlf. 94883592



Eli Aaboen  
Kontaktlærer 10B  
Tlf. 94809636

# TILSETTE VED LOM UNGDOMSSKULE



Kristbjørn Rossehaug  
Lærer



Magnhild Bjørgen  
Lærer  
Tlf. 94780808



Øyvind Moe  
Lærer  
Tlf. 94842127



Roar Grande Lyng  
Lærer  
Tlf. 94859871




Trond Volden  
Assistent



Einar Banken  
Assistent



Trude Slettom  
Kontorfullmektig



Stein Kåre Rusten  
Vaktmester



Gunn Horten Byre  
Reinholdar



Torø Vaagaasarøygard  
kantina



Bodil Kleiven  
kantina



Helsesyster  
Liv Marie Øyjordet

## SKULERUTE FOR 2011/2012

Månad	Ferie, fri- og planleggingsdagar	Skuledagar
August	Planleggingsdag 17.- 18.-19. august Skulestart måndag 22. august	8
September		22
Oktober	Hautferie veke 40. 3. okt. – 7. okt.	16
November		22
Desember	Siste skuledag før jul 20. desember	15
Januar	Planleggingsdag 2.- 3. januar 1. skuledag etter jul er 4. januar	20
Februar	Vinterferie veke 9. 27. feb. - 2. mars.	18
Mars	Vinterferie veke 9. 27. feb. - 2. mars.	20
April	Påskeferie 2. april – 9. april Fridag 30. april	14
Mai	Fridag 18. mai	19
Juni	Siste skuledag 22. juni	16
	Planleggingsdag 21. juni	
	<b>Sum elevdagar</b>	<b>190</b>



# INDELING AV SKULEDAGEN

<b>1. + 2. time</b>	<b>08.55 – 10.30</b>	<b>dobbeltime, 1.t. slutt 09.40</b>
	<b>10.30 – 10.40</b>	<b>friminutt</b>
<b>3. time</b>	<b>10.40 - 11.25</b>	<b>enkelttime</b>
<b>4. time</b>	<b>11.25 – 12.15</b>	<b>midttime/studietime</b>
<b>5. time</b>	<b>12.15 – 13.00</b>	<b>enkelttime</b>
	<b>13.00 – 13.05</b>	<b>friminutt</b>
<b>6. time</b>	<b>13.05 – 13.50</b>	<b>enkelttime</b>
	<b>13.50 – 13.55</b>	<b>friminutt</b>
<b>7. time</b>	<b>13.55 – 14.45</b>	<b>Enkelttime med rydding siste 5. min</b>

## Framandspråk ved LUS:

8. skulesteg: tysk og spansk

9. skulesteg: tysk

10. skulesteg: tysk og spansk

## Utdanningsprogram ved LUS:

9. og 10. skulesteg: byggfag, musikk, dans og drama, idrettsfag, , mat og restaurantfag. I tillegg utplassering.



”Bondebryllaup” juni 2011.

# Ulike aktivitetar gjennom skuleåret 2011/2012!

I løpet av eit skuleår er det mange felles aktivitetar:



- orienteringsdag i Kleppdalen
  - joggedag
  - volleyballturnering
  - - juleverkstad
  - skidag
  - idrettsdag i Skjåk



- 8. skulesteg:
  - OPPTUR med DNT
    - leirskule
    - bondebryllaup
    - elevbedrift



- 9. skulesteg:
  - Årdalstur
  - elevbedrift
  - PRYO



- 10. skulesteg:
  - yrkesorientering
  - avslutningstur



Juleverkstad –2010.

## Ordens-/åtferdsreglar ved Lom ungdomsskule

*Forskrift om ordensreglement ved Lom ungdomsskule, fastsett av SU ved Lom ungdomsskule desember 2009. Sjå § 2-9 i opplæringslova.*

### Overordna målsetting for Lom ungdomsskule

Vi vil arbeide for at

- skulen skal bli ein stad der alle kjenner seg heime
- skulen skal gje kunnskap og sosial læring
- skulen skal leggje til rette tilhøva slik at alle kan få nytta evnene sine
- skulen skal lære opp elevane til god orden og til å ha respekt for andre
- skulen skal vere ein inkluderande skule der alle er ein del av fellesskapet

**Slik ynskjer vi den gode eleven, den gode læraren og den gode føresette skal vere**

#### Den gode eleven

- er snill, hjelpsam og tek omsyn til andre
- gjer sitt beste og er oppmerksam og engasjert
- gjev andre arbeidsro og held god orden
- følgjer plikter, krav og reglar som skulen stiller

#### Den gode læraren

- er snill og hjelpsam, rettferdig og har godt humør
- er god rollemodell for elevane
- varierer og tilpassar undervisninga for elevane
- er flink til å lære bort og å motivere elevane
- samarbeider og deler erfaring med andre kollegaer

#### Den gode føresette

- er god rollemodell for barna sine og lærer bort god folkeskikk
- viser tillit og høyrer på barna sine meiningar, men set og klare grenser
- legg til rette for at barna gjer lekser og følgjer opp at leksene blir gjort
- arbeider for godt samarbeid mellom skulen og heimen



## Vurdering i orden og åtfærd

I forskriftene for åtfærd og orden står det:

### § 3-5 Grunnlaget for vurdering i orden og i åtfærd

*Grunnlaget for vurdering i orden og i åtfærd er knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet til skolen.*

*Grunnlaget for vurdering i åtfærd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna at eleven viser omsyn og respekt for andre.*

*Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna at eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendige læremiddel og utstyr. Vurderinga av orden og åtfærd skal haldast åtskild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag.*

*I fastsetjinga av karakterane i orden og i åtfærd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov. Fråvær kan føre til nedsett karakter i orden og i åtfærd.*

#### 1. Skolevegen

Elevar som nyttar skuleskyss, må rette seg etter dei reglar som gjeld for passasjerar og vise god framferd. Mistar dei eller øydelegg busskortet, må dei betale kr. 150,- for å få nytt kort. Dei må og bruke gangfelt/undergang når dei kryssar riksvegen. Elevar som har hatt undervisning i samfunnshuset, skal bruke undergangen når dei skal til busshaldeplassen eller oppover Solsida.

**Brot på desse reglane kan føre til nedsett karakter i orden/åtfærd.**

#### 2. Fråvær

Etter fråvær skal eleven ha med seg melding i kontaktboka om grunnen til fråværet, og kor lenge fråværet har vara. Meldinga skal vere underskriven av føresett. Eleven er og sjølv ansvarleg for å halde seg oppdatert om lekser, innleveringar osv.

**Ved ulovleg fråvær skal dei føresette få melding om det, og det kan føre til nedsett karakter i orden/åtfærd.**

#### 3. Fribeding

Skulen skal ha skriftleg melding i kontaktboka om ein elev skal takast ut av undervisninga. Vedkommande timelærar kan gje fri ein einskildtime. Kontaktlærar kan gje fri inntil ein dag, rektor inntil to veker. For lengre tidsrom må dei føresette sende grunngjeven søknad til administrasjonssjefen så snart som råd.

#### 4. Undervisning

Har ein elev ikkje gjort leksene til rett tid, skal han ha med seg skriftleg melding om grunnen. Meldinga skal leggjast fram for læraren før undervisninga tek til. Elevar som ikkje har gjort lekser til rett tid, kan bli sett til å gjere leksene på skulen i midttimen eller etter skuleslutt. Skjer det ofte at ein elev ikkje gjer leksene, skal heimen bli varsla. All form for fusk/forsøk på fusk ved prøver/skrivedagar og ved innleveringar (t.d. klippe/lime frå Internett, avskrift av kjelder utan å vise at det er sitat) er forbode.

**Brot på dette vil kunne føre til nedsett karakter i orden/åtfærd etter at dei føresette er blitt varsla.**

## 5. Timane

Det skal vere arbeidsro i timane, og ein skal vise respekt for undervisninga. Ein skal møte presis til timar og avtalar. Har ein ærend ut, skal ein først få løyve av læraren før ein går. Søtsaker og brus skal ein ikkje bruke i timane. Inne skal ein bruke innesko, og ytterklede skal ein henge frå seg i gangen. Straffesanksjonar for brot på desse reglane kan vere:

- **munleg/skriftleg åtvaring frå lærar**
- **munleg/skriftleg åtvaring frå kontaktlærar/rektor**
- **bortvising frå gruppa for resten av timen/arbeidsperioden. Rektor kan vise bort eleven for resten av skuledagen og inntil tre dagar(einskildvedtak)**
- **nedsett karakter i orden/åtferd.**

## 6. Øydelegging av ting på skulen

Far fint med inventar og materiell! Ein elev som øydelegg noko med uvørden framferd, kan bli sett til å rydde opp etter seg/utbetre skadane. **I tillegg til dette kan han og bli erstatningsansvarleg for inntil kr. 5000,-. I tillegg skal dei føresette bli varsla, og det kan og føre til nedsett karakter i orden/åtferd.**

## 7. Friminutta

Elevane skal vere ute av klasseromma i friminutta. I friminuttet frå 10.30 – 10.40 skal alle elevane gå ut. I midttimen kan dei opphalde seg i kantina/biblioteket eller i gangane. Når elevane er inne, skal dei gå og snakke, ikkje springe og rope.

Det er ikkje lov å forlate skoleområdet i skuletida med mindre eleven har fått med løyve til det frå heimen. Dette inneber at ein ikkje kan gå på Bergom i skuletida. Bruker ein sykkel, skal han ikkje brukast i skuletida.

Snøballkasting og ballspel er lovleg berre på tilvist plass.

**Straffesanksjonar for brot på desse reglane kan vere:**

- **munleg/skriftleg åtvaring frå lærar**
- **munleg/skriftleg åtvaring frå kontaktlærar/rektor**
- **brev heim**
- **nedsett karakter i orden/åtferd**

## 8. Mobiltelefon/databruk.

Mobiltelefon skal vere slegen av i timane. Det er heller ikkje lov til å bruke MP3-/discmanspelar i timane. Læraren kan gjere unntak frå denne regelen dersom han meiner det ikkje er forstyrrande for undervisninga, men i alle tilfelle er det læraren som avgjer dette. Ved første og andre gongs brot på desse reglane, vil utstyret bli inndrege resten av dagen og levert inn til rektor. Ved seinare brot på regelen, vil det bli inndrege heilt til ein av dei føresette kjem og hentar det. Det er ikkje lov å nytte online-kommunikasjon (MSN, Facebook osv.) i skuletida. Ved bruk av dette på prøver, skrive dagar eller eksamen, vil dette bli sett på som juks/forsøk på juks. All bruk av Internett/Intranett på prøver og ved skrive dagar/eksamen er forbode med mindre det er oppgåver som krev slik bruk. Dette kan berre nyttast etter avtale med lærar.

Det er ikkje lov å ha med på skulen våpen eller gjenstandar som kan nyttast til å skade medelevar. Slike gjenstandar vil straks bli inndregne, og dei føresette vil bli varsla.

**Brot på desse reglane vil kunne føre til nedsett karakter i orden/åtferd.**

## 9. Nytingsmiddel

All bruk av tobakk og rusmiddel er forbode på skuleområdet og ved turar og arrangement som skulen står for. **Ved brot på desse reglane skal dei føresette bli varsla, og eleven vil få nedsett karakter i åtferd.**

## 10. Uønska/ulovleg framferd

All form for mobbing av medelevar/lærarar/andre i skulemiljøet er forbode. Det kan vere vald, rasistiske utsegn/handlingar, uhøvisk ordbruk, seksuell trakassering, sjikane på grunn av religion, livssyn osv. Skulen ser og svært strengt på forfalsking av underskrift.

**Straffesanksjonar for brot på desse reglane kan vere:**

- **munleg/skriftleg åtvaring frå lærar**
- **munleg/skriftleg åtvaring frå kontaktlærar/rektor**
- **brev heim**
- **bortvising frå gruppa for resten av timen/arbeidsperioden. Rektor kan vise bort eleven for resten av skuledagen og inntil tre dagar(einskildvedtak)**
- **nedsett karakter i åtferd**

## 11. Føring av fråvær på vitnemålet

Alt fråvær for elevar skal frå 8. årstrinnet førast på vitnemålet. Fråværet skal førast i dagar og enkelttimar. Eleven eller foreldra kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på vitnemålet når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet. For inntil 10 dagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje blir ført:

- dokumentert fråvær av helsegrunnar. Ein kan berre stryke fråver frå den fjerde sjukedagen. Det er og krav om dokumentasjon frå lege.
- innvilga permisjon etter opplæringslova §2-11

Lom, 26. juli 2011  
Tore Mundal



# Plan mot mobbing ved Lom ungdomsskule

## Litt om mobbinga sitt vesen

### Definisjon på mobbing

Psykisk eller fysiske vald retta mot eit offer utført av einskildpersonar eller grupper. Mobbing føreset eit ujamnt styrketilhøve mellom offer og plagar, og at episodane blir gjentekne over tid.

Men det er viktig at ein tek enkeltepisodar alvorleg. Her skal det vere nulltoleranse for på den måten å hindre langvarig mobbing.

### Ulike former for mobbing

- Fysisk mobbing
- Vondsinna erting eller truslar
- Utfrysing

I vår tid er det meir og meir digital mobbing. Denne forma for mobbing kan ein ikkje gøyme seg for. Ein er aldri trygg.

### Skjult mobbing

Slik mobbing er meir vanleg blant jenter enn hos gutar. Dei som plagar, oppfører seg som regel svært skikkeleg og har ofte stor makt i klassen/gruppa. Læraren blir ofte lurt og har vanskeleg for å oppdage det som skjer.

### Kven er mobbarane og kven er mobbeoffera?

#### Dei som blir mobba

- Ingen spesielle ytre kjenneteikn
- Gutar litt fysisk svake
- Under gjennomsnittet i skuleprestasjonar
- Meir engstelege og deprimerte
- Dårlegare sjølvbilete
- Ofte einsame og lite populære
- Ikkje særleg avvikande heimetilhøve
- Ressurssterke elevar kan og bli mobba

#### Dei som mobbar

- Ingen spesielle ytre kjenneteikn
- Gutar litt fysisk sterkare
- Gutar noko under gjennomsnittet i skuleprestasjonar
- Kanskje litt dårlegare sjølvbilete
- Støtte frå mindre krins av elevar
- Samanheng med negative heimetilhøve
- Proaktivt aggressive (blir stimulert av å sjå at nokon blir plaga)

## **Tiltak mot mobbing**

### **Mål:**

- skulen skal ved førebyggjande tiltak hindre at barn blir utsett for mobbing
- viktig at lærarane tek opp om nokon blir mobba eller om nokon veit om nokon som blir mobba
- gjennom faste rutinar skal skulen avdekkje og handle i høve til mobbing
- skulen skal i samarbeid med føresette og andre involverte følgje opp både mobbeoffer og den som mobbar
- elevane skal bli bevisste ansvaret for handlingane sine
- informasjon om mobbing. Kva er mobbing?

### **Førebyggjande tiltak**

#### **Inspeksjon**

- Vaksenkontroll (4 vaksne) i skolegard/fellesareal inne

#### **Autoriativ klasseleiing**

- God undervisning og rettleiing
- Tett oppfølging av elevane både fagleg og sosialt
- Læraren skal vere tydeleg. I klasserommet er det han som er sjef.

#### **Positivt skulemiljø**

- Kantine
- Ballbinge
- Triveleg uteområde

#### **Trivselstiltak/turar**

- Turneringar
- Turar
- Juleball
- Julekonsert
- Juleverkstad

#### **Korleis vi løyser mobbesituasjonar**

Skulen skal straks reagere på kvart tilfelle av mobbing. Alle elevar har krav på å bli behandla med respekt og omsorg.

#### **Mindre alvorlege situasjonar (som oftast enkeltepisodar)**

1. Samtale mellom mobbeoffer og kontaktlærer.
2. Samtale mellom mobbar(ar) og kontaktlærer(ar). Dersom det er fleire elevar, har ein samtale med ein og ein fortløpande etter kvarandre.
3. Dersom det er fleire elevar som har delteke aktivt i mobbinga, har ein samtale med heile gruppa. Rektor styrer prosessen saman med kontaktlærer.
4. Har møte med mobbeofferet og mobbarane. Er begge partar samde om det som har skjedd, gjer ein avtale om at dette ikkje skal skje meir. Dei føresette skal bli varsla.

## Alvorlege og gjentekne mobbesituasjonar

1. Samtale mellom mobbeoffer og kontaktlærer.
2. Samtale mellom mobbar(ar) og kontaktlærer(ar). Dersom det er fleire elevar involvert, har ein samtale med ein og ein fortløpande etter kvarandre.
3. Dersom det er fleire elevar som har delteke aktivt i mobbinga, har ein samtale med heile gruppa. Rektor styrer prosessen saman med kontaktlærer.
4. Møte mellom mobbeoffer og mobbar. Her skal kontaktlærer og rektor vere med. **Dei føresette skal bli varsla og involvert.**
5. Oppfølgingsmøte mellom kontaktlærer og mobbeoffer etter 3-4 dagar.
6. Dersom mobbinga tek slutt, skal dei involverte og føresette orienterast om dette.
7. Dersom mobbinga ikkje tek slutt, skal elevane og dei føresette innkallast til eit konfrontasjonsmøte. Rektor, evt andre fagfolk og kontaktlærer skal vere til stades. Det blir laga ei skriftleg avtale mellom elevane. Dei involverte partane underteiknar avtala, og ho blir arkivert i elevmappene.
8. Kontaktlærer(ane) har ansvar for at det blir laga ein oppfølgingsplan med tiltak for begge paratar. Oppfølgingsplanen blir arkivert i elevmappene. Elev/føresette kan be om at ein slik oppfølgingsplan blir gjennomført etter at det er gjort eit enkeltvedtak om saka.
9. Rektor har ansvar for å kalle inn andre paratar dersom det er behov.

**Svært alvorlege mobbe-/enkeltepisodar kan/skal bli melde til politiet.**



RUTINAR NÅR ELEVAR HAR STORT FRÅVÆR i Lom kommune	
<b>Føremål</b>	Kome tidleg i dialog og samarbeid med heimen, og setje i verk tiltak overfor elevar og deira føresette når elevar er mykje borte frå undervisninga i grunnskulen i Lom og for å førebyggje framtidige problem.
<b>Omfang</b>	Rutinen gjeld for lærarar som arbeider i grunnskulen i Lom
<b>Lovheimel</b>	Opplæringslova § 2 -1 Rett og plikt til grunnskoleopplæring, og forskrifter Ordensreglementet for skulane i Lom
<b>Hovudansvar</b>	Rektor har ansvar for at rutinane ved stort fråvær blir gjort kjent, medan lærarane har ansvar for å gjennomføre tiltak etter denne rutinen
<b>Utstyr/hjelpemiddel</b>	Alt fråvær skal først i Visma skole
<b>Krav til personale</b>	Rektor har ansvar for å gjere desse rutinane kjent for alle tilsette ved skolen, elevar og foreldre. Kontaktlærer har særleg ansvar for å følgje opp i høve til sine elevar.
<b>Samanhengande langtidsfråvær</b>	<p>1. Sjukdom. Etter tre dagar skal kontaktlæraren kontakte heimen og høyre om årsaka til fråværet. Overstig fråværet 5 dagar, skal det leverast legeattest. Kontaktlæraren sørgjer for at vekeplan blir lagt ut på It's learning slik at eleven kan få gjort skulearbeidet</p> <p><b>2. Permisjon etter § 11.2. Skulen skal ha skriftleg melding om ein elev skal takast ut av undervisninga. Vedkommande timelærer kan gje fri ein einskildtime (meldingsboka). Kontaktlærer kan gje fri inntil ein dag (meldingsboka). Rektor kan gje fri inntil to veker.</b></p> <p><b>Ved søknad om fri utover ein dag skal ein bruke elektronisk skjema. Dette finn ein på Lom kommune si heimeside. Skule/utdanning (venstre side) → Sjøvbetening (høgre side) → Direkte skjema. Fyll ut. For lengre tidsrom må dei føresette sende grunngjeven søknad til administrasjonssjefen så snart som råd.</b></p>
<b>Anna fråvær</b>	<p>Når ein elev i grunnskolen har eit fråvær frå undervisninga på 5 dagar/10 enkelttimar (pr halvår), skal kontaktlærer vurdere om fråværet kan skuldast t.d. prøver, spesielle fag, aktivitetar ved skulen osb. Kontaktlæraren skal då ha ein samtale med eleven og dei føresette. Det er særst viktig at skulen (kontaktlærer) og dei føresette har eit tett og nært samarbeid. Dei må bli samde om tiltak for å hindre større fråvær.</p> <p>Dersom fråværet blir 10 dagar/20 enkelttimar (pr. halvår), skal kontaktlærer (eventuelt rektor) ha samtale med eleven og dei føresette. Helsesystem skal bli varsla, og ho skal ha samtale med eleven.</p> <p>Dersom fråværet blir på 15 dagar/30 enkelttimar eller meir, skal skulen og skoleadministrasjonen (skulefagleg ansvarlege) setje i verk tiltak saman med andre hjelpeinstitusjonar i kommunen. Det skal først referat frå desse møta, og alle må forplikte seg på å følgje opp konklusjonane.</p>

# INTERVJU MED ØYVIND MOE

Øyvind Moe er fødd og oppvaksen i Lom. Forutan å ha budd 7 år i Oslo har han stort sett budd i bygda si. Her har han bygd hus på heimtomta og stifta familie. Han har kone frå Bråtå og tre snille ungar. Dei som kjenner Øyvind godt, vil kalle han ein ekte Lomspatriot.

## **Du har no arbeidd ved ungdomsskulen i to år. Korleis trivst du her på ungdomsskulen?**

*Eg har aldri hatt det betre i noko arbeid. Elevane er både trivelege, lydhøre og arbeidssame. Kollegaene mine set eg stor pris på. Særleg Roar som eg deler kontor med. Vi har lik smak når det gjeld humor og musikk, men han er ikkje så god på gitar som meg!*

## **På fritida går det i fotball og musikk for Øyvind.**

*Eg har spelt fotball i Lom i snart 40 år. Dei siste 25 åra har eg spelt på A-laget. Grunnen til at eg har halde ut så lenge, er at eg har halde meg skadefri, og at eg liker å trene. For meg er fotball og musikk viktig, for her må ein spele på lag med andre. I eit klasserom er det også eit sampel mellom lærar og elev. For at elevane skal ha størst mogleg læringsutbytte, må dette samspelet fungere godt.*

Kvart langfri arrangerer Øyvind turnering i ballbingen. Dette er populært blant elevane, og da gjer det ikkje noko om gradestokken kryp under  $-20^{\circ}\text{C}$ . Øyvind stiller også villig opp når Aud treng assistanse til alle sine musikalske framføringar. Det er få som har hørt ordet Nei kome frå Øyvind sin munn.

## **Kva liker du aller best på skulen?**

*Maten i kantina!*

## **Kva for fotballag held du med?**

*Arsenal!! Men RBK er og eit godt lag.*



*Kom til Lom!*

